

Korleis arbeider vi?

- På STUDIERINGAR får du lære meir om arbeidet til NMU. På LAGSMØTE drøftar vi arbeidsoppgåvene og har det kjekt i lag. Målfolk syng mykje, og NMU har gitt ut si eiga songbok, som heiter SYNG. Kvart år er det mange SEMINAR, og kvar sommar er det MÅLLEIR, der folk frå ulike stader møtest og lærer av kvarandre. LÆREMIDDELAKSJONAR og DIALEKTAKSJONAR lener til å få gjort kjent kva vi driv med og til å få igjennomkrava våre. I samband med arbeidet for å drive opplysning om målarbeidet, gir vi også ut ei eiga avis, som heiter MÅLFRONT.



Korleis er NMU bygd opp?

- NMU har omlag 3000 medlemmer delt på rundt 75 LOKALLAG. Lokallaga er viktigaste lekken i NMU. Laga i kvart distrikt vel eit DISTRIKTSSTYRE, som samordnar arbeidet i distriktet. SENTRALSTYRET sit (for tida) i Oslo og samordnar arbeidet for heile landet. LANDSSTYRET har 9 landsmøtevalde folk frå ulike stader i landet. LANDSMØTET er sett saman av utsendingar frå alle lokallaga, og er det høgaste organet i NMU.

Vil du vite meir om NMU?

- Klipp ut slippen nedanfor og send den til adressa som står oppgitt, eller til

Norsk Målungdom
Storgata 37,
OSLO 1


Til
(Lokallag, postnr. og -stad)

Eg ønskjer å få tilsendt informasjonsmateriell om NMU

Namn

Adresse

Postnr. og -stad



**KVA ER
NORSK MÅLUNGDOM?**

Kva er målkuing?

- Kanskje går du på ungdomsskulen. Du har bokmål som hovudmål. Helst ville du skrive nynorsk slik som på barneskulen i heimbygda. Men på ungdomsskulen kom du i ei klasse der nesten alle alltid hadde hatt bokmål som hovudmål.
- Kanskje er du frå ein by. Du snakkar dialekten din. Så fekk du arbeid på kontor. «Legg av deg det gatespråket og snakk så folk forstår deg!» sa sjefen.
- Kanskje er du frå ei bygd. Du har kome til byen for å arbeide, og du er på jakt etter hybel. «Kom igjen nå du har lært deg å snakke norsk!» sa ein som hadde ein hybel å leige ut.
- Kanskje går du på yrkesskulen og har ingen lærebøker på nynorsk.
- Kanskje er du medlem i eit idrettslag eller ei fagforeining som berre brukar bokmål.

MEN DU SNAKKAR DIALEKT!

Kva vil vi?

- Norsk Målungdom arbeider for at



- dialektane skal verte rekna for det fullverdige språket dei er
- folk skal få snakke dialekten sin fritt
- alle skal få bruke retten sin til å skrive nynorsk

Kva gjer vi?



- Dialektarbeidet er grunnlaget for alt målarbeid
- Nynorsk skriftspråk byggjer på dialektane. Derfor er det viktig å arbeide for at nynorsk vert teke i bruk som opplæringsmål i barneskulen.
- Norskundervisninga må ta sikte på å gi opplæring i samanhengen mellom dialektane og nynorsk skriftspråk.
- Mangelen på nynorske lærermiddel er skræmande. NMU meiner at det er staten sitt ansvar å rette på det.
- NMU arbeider for at Forsvaret må rette seg etter Mållova, som slår fast at alle offentlege organ skal gi folk materiale på det målet dei ønskjer.
- Ei viktig oppgåve er å arbeide for at alle skal kunne få snakke dialekt og skrive nynorsk på arbeidsplassen sin.

- Dialektarbeid
- Skulemålsarbeid
- Norskopplæring
- Lærermiddelarbeid
- Målarbeid i Forsvaret
- Målarbeid i næringslivet